



Arkivnr: 2019/2034-4

Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

Saksframlegg**Saksgang**

		Saknr.	Møtedato
Utval	Utval for miljø og samferdsel		15.05.2019
Fylkesutvalet			29.05.2019

Søknad om ruteløyve til privat ferjedrift mellom Bruravik og Brimnes**Samandrag**

Norled AS har søkt om ruteløyve for kommersiell ferjedrift på strekninga Bruravik-Brimnes for perioden juli-august 2019. Selskapet vil primært retta marknadsføringa mot selskap som driv tungtransport, og legg opp til avgong kvart 40. minutt med ei dagleg opningstid på 12-13 timer.

Fylkesrådmannen finn ikkje å kunna tilrå søknaden. Ferjekaiane har ikkje vore nytta til ferjedrift sidan 2013, og er ikkje lenger i ein slik stand at dei utan vidare kan nyttast til ferjekaiar. Ferjebruene er m.a. fjerna og innkøyringa til Bruravik kai er lagt om. Ei eventuell ferjedrift ville i tillegg kunna ta trafikk frå Hardangerbrua. Dette kan bryta med vilkåra som vart lagt til grunn for finansieringa av Hardangerbrua. Fylkesutvalet har tidlegare gjort vedtak om sal eller utleige av Bruravik kai der premissane er regional utvikling og ny aktivitet. Fylkesrådmannen rår difor til at søknaden ikkje vert innvilga.

Økonomi: Kan ha negativ effekt på økonomien på bompengeprosjektet Hardangerbrua.

Klima: Kan truleg gje auke i klimagassutsleppa

Folkehelse: Ingen verknad

Regional planstrategi: Ingen verknad

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna innvilga søknaden om ruteløyve for ferjedrift på strekninga Bruravik-Brimnes.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 30.04.2019

Innleiing

Norled AS søkte 18. februar 2019 om ruteløyve for kommersiell ferjedrift på strekninga Bruravik-Brimnes for perioden juli-august 2019. Tilleggsopplysningar i saka kom inn 25. mars 2019. I søknaden opplyser selskapet at dei ynskjer å inngå leigeavtale om ferjekaiane. Ferjesambandet Bruravik-Brimnes vart lagt ned i 2013 i samband med at Hardangerbrua vart opna.

Søknaden

I søknaden heiter det m.a.

- Vi inngår leiekontrakt med Statens vegvesen for de aktuelle fergekaiene. Dette må inkludere kjørebro da denne er fjernet fra begge kaier i dag.
- Fergedriften vil bli markedsført generelt, men primært mot selskaper som driver tungtransport.
- Det vil bli laget en elektronisk ordning for forhåndsbestilling, muligens også for forhåndsbetaling.
- Vi ser for oss å ha en åpningstid på 12 – 13 timer hver dag
- Dersom trafikkgrunnlaget er til stede vil vi kunne tilby avgang hvert 20 minutt (40 minutter mellom to avganger på samme side)

Etter at fylkeskommunen gjorde Norled AS merksam på at ein var inne i ein prosess for å få til sal/utleige av Bruravik kai, har selskapet opplyst at utleige til eit anna selskap truleg ikkje er til hinder for bruk av kaien til oppstillingsplass. Selskapet opplyser vidare at ein ikkje vil lasta fylkeskommunen for opprusting av kaiane. Dersom løyve vert gjeve vil ein undersøka kor mykje det vil kosta å setja kaiane i stand, og deretter ta stilling til om prosjektet er økonomisk drivverdig.

Fylkesrådmannen sine vurderinger

Då Hardangerbrua opna i 2013 vart ferjesambandet Bruravik-Brimnes lagt ned og ferjekaiane gjekk ut av aktiv bruk. Ferjebruene vart demonterte og nyttå på andre samband. Status for kaiane er at Brimnes kai, eigd av Statens vegvesen, vert nyttå til parkering/rasteplass med toalett. På sikt er det planar om å laga ein kontrollplass her. Bruravik kai er eigd av fylkeskommunen. Det er gjort vedtaka om å leiga ut eller å selja kaiområdet. Skal kaiane nyttast til ferjekaiar trengst det vesentleg oppgradering av infrastrukturen.

Ferjesambandet vart i si tid nedlagt då Hardangerbrua vart opna for trafikk. Hardangerbrua er i stor grad finansiert med bompengar, og det vil vera uheldig for økonomien i Hardangerbruprosjektet dersom det vert etablert eit parallelt ferjesamband som i særleg grad er innretta mot dei tunge køyretøya og dermed den best betalte trafikantgruppa.

I saka om ruteløyve for kommersiell ferjedrift mellom Sunde og Jektevik (Sunnhordland fergerederi AS u.s) vart det sett fokus på ein uttale frå Samferdselsdepartementet om retten til å få ruteløyve for kommersielle rutetenester i samsvar med EØS-regelverket. Departementet uttalte at det skal «særs mykje til» for å nekta ruteløyve når kaiane inngår i offentleg veg. Denne problemstillinga kom opp då Forsand kommune ynskte å vidareføra ferjesambandet Oanes-Lauvvik etter at Ryfast vart opna. Enden på denne saka er at ferjeselskapet Boreal no har fått ruteløyve for å drifta sambandet i 8 år. Ferjesambandet vert difor ein konkurrent til Ryfast om enn ikkje i same grad, på grunn av avstand, som gjeldande søknad frå Norled vil til Hardangerbrua.

Fylkesrådmannen er i tvil om kva som er rett å gjera i denne saka. På den eine sida er det kjent at bompengenivået på Hardangerbrua har ein avvisningseffekt på tungtrafikken. På den andre sida har tungtrafikken ei rekke andre vegalternativ mellom aust og vest, og det er ikkje noko preferanse for fylkeskommunen å leia mest mogeleg tungtrafikk over Hardangervidda. I tillegg har ein vurderingane rundt retten til å få løyve i hht EØS regelverket.

Fylkesrådmannen har likevel kome til at ettersom fylkesutvalet alt i januar 2019 starta ein prosess for å få til regional utvikling og ny aktivitet på Bruravik kai, anten via sal eller utleige, så er kaien disponert til anna føremål, og ikkje tilgjengeleg for Norled som ferjekai. Fylkesrådmannen vil difor rå til at søknaden ikkje vert innvilga.